



MILJØLISTA i Sogn og Fjordane



No er han laus igjen!

MILJØLISTA I SOGN OG FJORDANE

Har også du mist trua på politikarane våre? Stortinget har i dei siste åra utvikla seg til å verta ei flisespikkande forsamling av politiske detaljistar. Desse detaljistane konsentrerer seg om uviktige og heller uinteressante småsaker. Dag etter dag kliv dei trufast opp på Tinget sin talarstol der dei les andre i senk frå manuskripta sine. Store og viktige saker vert dregne unna den opne debatten, og vert avgjorde i fred og forsoning i lukka styrerom av folk som er vane med å ha avgjerdsrett.

Det er desse utviklingstendensane i Noreg si nasjonalforsamling som no formeleg ropar etter den politiske dimensjonen — etter representantar som kan nyskape debatten om dagsaktuelle realitetar og samlande framtidsmål, der miljøvernet står heilt sentralt.

Dei politiske partia har vist at dei ikkje maktar å løyse dei store miljøproblema som det moderne forbrukarsamfunnet vårt fører med seg. Difor er Fylkeslistene for miljø og solidaritet eit naudsynt tverrpolitisk alternativ i norsk politikk.

Vi konsentrerer oss om 4 store saker til dette valet: Miljøvern, EF, distriktpolitikk og solidaritet.

Miljøvern

Alle politiske partia i Sogn og Fjordane meiner noko om miljøvern. Dei etablerte partia er runde og forsiktige, utfordrarane meir bombastiske i formuleringane sine. Partia er representerte i Stortinget, Fylkestinget og i kommunane våre.

Dei har EIN stor, felles tradisjon i miljøvernarbeidet så langt — dei har lite og ingenting GJORT. Handlingane vi har venta på, sjølv oppryddinga av fylket, hav og land, har dei enno ikkje greidd å starte. Miljølista er ei folkeliste, IKKJE noko parti.

Miljøvern angår oss alle. Ta med det praktiske miljøvernet frå lag, organisasjonar — frå folk flest — inn i styringsverket. Lat Stortinget få møte praktisk folkeleg miljøhandling gjennom Oddleif Fagerheim frå Miljølista!

EF-saka

Miljølista vil arbeide for ei brei folkeleg samling om Noreg si framtidige stilling til det såkalla Nye Europa, men som diverre kan syne seg å vere og bli det same gamle. Vi vil ha ei vaksam haldning til dei sonderings-tingingane som regjeringa etter vedtak i Stortinget har sett i gang om å få tilgjenge til den såkalla Indre Marknaden i EF. Desse tingingane er styrte av det same departementale direktørbyråkratiet som ein så vel kjenner frå EEC-tingingane i 70-åra, og som i røynda tek alvorleg sikte på å få inngang gjennom bakdørene.

Lat oss samle oss om NEI til medlemskap i EF!

Distriktpolitikk


Miljølista arbeider for ei folkeleg samling om ein framtidspolitikk for BYGDE-NOREG, mot avfolkings- og nedleggingstendensane i jordbruk og fiske, og av bygdene sin tradisjonelle småindustri. Samling om alle tiltak som set stogg for den aukane tappinga av velutdanna ungdom frå bygd til by.

Solidaritet

Fattigdom og naud er ei av dei store utfordringane i vår tid. Dette vil vi gjera noko med — raskt! Vi går inn for ei ny rettferdig verdsordning. Noreg må straks ettergjje all u-landsgjeld. Gje støtte direkte til dei fattige folkemassane.

For hundre år sidan utvandra mange frå fylket vårt til Amerika. Under siste verdskrigen flykta mange frå vald og undertrykking her hos oss. No er det vår tur til å hjelpe andre! Noreg må ikkje sende flyktnigar eller asylsøkjjarar attende til svolt, krig eller undertrykking. Alle kommunane i Sogn og Fjordane må ta imot asylsøkjjarar eller flyktingar!

La nestekjærleik og menneskeverd bestemme flyktingepolitikken, ikkje kalde økonomiske berekningar!



Nr. 1 - Oddleif Fagerheim, 77 år, Fjaler

Oddleif Fagerheim er nettt den politikaren vi treng no! I 12 år var han på Stortinget, der han gjorde eit godt arbeid, ikkje minst for sitt eige fylke. I kampen mot EEC samla han store folkemengder som kjende seg trygge på at argumenta hans dekkja deira behov både politisk, økonomisk og kulturelt.

Oddleif har vore med og kjempa mot fleire vasskraftutbyggingar, der Alta er den mest kjende. I heile sitt vaksne liv har han arbeidd med born og ungdom. NATO-motstandar har han alltid vore.

Å lage ei fullstendig liste over alt han har vore med på i det politiske liv ville vera nyttelaust. Men har Sogn og Fjordane råd til å la vere å sende Oddleif på Tinget? Han vil verta ein konsekvent og uredde forkjempar for eit betre miljøvern og ein skikkeleg distriktpolitikk.

EF-spørsmålet er i ferd med å dukke opp att, og skal utfallet bli like godt som i 1972, så må politikarar som Oddleif Fagerheim representere oss på Stortinget i komande periode.



Nr. 2 - Kjellfrid Bøthun, 41 år, Solund

Kjellfrid Bøthun er stolt over å vere frå Indre Sogn, men har likevel busett seg i Ytre Sogn. Der kjempar ho no mellom anna for betre kommunikasjonar, slik at distriktet kan bli meir tiltrekkjande for folk.

I fritida nyttar ho kreftene mellom anna til arbeid i Røde Kors, der ho også er sekretær i strandredningsgruppa. Alle som har høyrte Kjellfrid kåsere i radio, veit at ho snakkar eit språk folk forstår og om problema folk er opptekne av. Når ho bur i ei veglaus bygd og arbeider på ein liten skule, er det klart at ho er motstandar av EF og for eit levedyktig utkant-Noreg. Kjellfrid Bøthun er medlem av Koordineringsrådet til Fylkeslistene for miljø og solidaritet.



Nr 3 - Magnar Falkenstein, 38 år, Naustdal

Magnar Falkenstein er leiar av Sogn og Fjordane bonde- og småbrukarlag. Han er såleis levande interessert i at bøndene i fylket skal greie seg i framtida òg. Men i dag stiller staten stadig sterkare effektivitetskrav, noko som lett kan gjere bøndene til større ureinarar. Denne politikken er Magnar ein kraftig talsmann imot. Miljøpolitikken ser han som det viktigaste spørsmål i vår tid, då heile menneskeslekta si framtid står på spel. Han er ein dyktig debattant for vanlege folk sine kår.

MILJØLISTA

FYLKESLISTENE FOR MILJØ OG SOLIDARITET

MILJØLISTA i Sogn og Fjordane er ei tverrpolitisk samling av personar som ønskjer eit medmenneskeleg og rettferdig samfunn i økologisk balanse. Vi har gått inn i eit samarbeid som hevar seg over det tradisjonelle partimønsteret.

Politikk har - for mange - blitt prat og diskusjonar om kven som har dei vakraste programma. Mange forstår ikkje kvifor så mange parti må ri sine kjepphestar når dei likevel er einige om at ei kursending må til. Denne partikvivinga gjer at mange blir passive.

Vi ønskjer å bryte dette mønsteret. Politikarane kan ikkje ordne opp for folk. Framtida er vårt eige verk.

MILJØLISTA vil difor ha som sitt viktigaste mål å stimulere til eigen aktivitet, i nærmiljøet og på grunnplanet.

Ta kontakt og bli med i miljø-arbeidet.

LIVSGRUNNLAGET ER TRUA - RENSING ER IKKJE NOK.

- * Det er vel og bra med katalysatorar på bilar. Men CO₂utsleppa kan ikkje rensast. Det er dei som truar varmebalansen på jorda.
- * Det er viktig å tette siloar og gjødselkjiellarar, men det er sjølve driftsforma i landbruket som skapar miljøkatastrofe i havet.
- * Rensing av industriutslepp må til. Men det er sløseøkonomi, rovdrift og energiforbruk som tek kvelartak på jorda no.

VI MÅ GJERE NOKO MED ARSAKENE.

Vi kan ikkje lenger satse på å brenne opp kol- og oljereservane.

Vi kan ikkje lenger satse på ein massebilisme jorda vår ikkje tåler.

Vi kan ikkje lenger ha ein sløse-økonomi medan verda svelter.

Vi kan ikkje lenger ha eit system der kortsiktig profitt tel meir enn menneskelege behov og balanse i naturen.

HAR VI IKKJE RÅD?

Det er rensing som kostar.

Å kutte ut miljøskadelege produkt er gratis.

Massebilisme, veiutbygging og storflyplass kostar milliardar.

For dei same pengane skapar vi effektiv kollektiv transport.

Bankbygg, luksusbåtar og reklameindustri krev store ressursar.

Du må ikkje lenger tillate at pengane går til unødvendige ting, medan miljøet må vente og helse- og sosialomsorg må lide under nedskjering.

Det er ressursar nok i verda - Noreg har råd om vi vil.

Det er ikkje arbeid vi manglar - arbeidsoppgåver er det nok av.

Det som manglar er at ressursane vert styrte dit dei verkeleg trengst.

Det er omfordeling, systemending og nytenking som er mangelvare.

PROGRAM FOR MILJØLISTA

FRA SLØSING TIL BEREKRAFTIG UTVIKLING.

Det er ein heilt ny utviklingskurs vi vil ha.
Dette er våre viktigaste val:

- * Miljø- og ressursansvar er viktigare enn økonomisk vekst
- * Rein luft er viktigare enn massebilisme
- * Levande lokalsamfunn er viktigare enn konkurransevne og frihandel
- * Rettferd i verda er viktigare enn nasjonal eigeninteresse
- * Frigjerjing og fredsskaping er viktigare enn opprustning
- * Livskvalitet er like viktig som levestandard
- * Rettferdig fordeling framfor rikdom for dei få
- * Grunnleggande velferdsgode for folk flest skal forsvarest
- * A ta vare på livsgrunnet er det viktigaste av alt

Skal kursen leggest om, må økonomi og samfunn, tangeang og livsstil endrast frå grunnen av. Vi gir aldri opp å få det til.

REINT VATN OG LEVANDE HAV.

Landbruket, kloakk- og industriutslepp drep livet i havet. Nasjonal eigeninteresse fører til overfiske. Difor krev vi:

- * Omlegging av landbruket - effektive tiltak mot avrenning.
- * Rensing eller bedriftsnedlegging - forbod mot miljøgifter.
- * Fullrensing eller kompostering av all kloakk.
- * Internasjonalt samarbeid om å berge Nordsjøen og fisken.

REIN LUFT OG LEVANDE SKOG.

Privatbilen er nødvendig i utkantstrok, men det føregår mykje unødvendig bruk av privatbil, som må stoppast. Eksos, industriutslepp og oljefyring øydelegg lufta og menneskeleg trivsel. Det truar og sjølve livsgrunnet ved å øydelegge den globale varmebalansen. Difor vil vi krevje:

- * Massebilismen må stoppast - satsing på kollektivtransport.
- * Lågare energiforbruk - fornybar genergi må erstatte olje og gass.
- * Forbod mot gassar som bryt ned ozonlaget.
- * Høge avgifter på unødvendige produkt.

LEVANDE JORD OG SUNN MAT.

Effektivitetsnormer, investeringspress, gift og kjemikalier tyner jordsmonn, husdyr og bønder. Boss-anlegg forgiftar vatn og jordsmonn. I ei verd med naud og fattigdom må Noreg leve på eigne, ikkje andre sine, ressursar.
Vi krev:

- * Omlegging til økologisk jordbruk.
- * Auka sjølvforsyning med mat og andre basisvarer.
- * Sortering og resirkulering av alt avfall.

EIN FARGERIK FELLESSKAP MOT RASISME.

Før var det nordmenn som utvandra frå fattigdom til Amerika. Under krigen flykta nordmenn frå vald og undertrykking hos oss. No er det vår tur til å hjelpe andre. Difor krev vi:

Noreg må ikkje sende flyktningar eller asylsøklarar attende til svolt, krig eller undertrykking.

Kommunane i Sogn og Fjordane må ta imot fleire.

Eit menneskevennleg asylmottak - ny framandlov og politiinstruks.

EI VERD UTAN NAUD OG UNDERTRYKKING.

Fattigdom og naud er utfordringane i vår tid - ikkje måneferder og romferjer. Multinasjonale selskap og eigen overklasse hindrar utvikling i den tredje verda. Difor krev vi:

- * Ei rettferdig verdsordning. Ny handels- og utanrikspolitik.
- * Støtte direkte til dei fattige. Ettergjeving av u-landsgjeld.
- * Støtte til alle folk og nasjonar sitt krav om sjølvråderett.
- * Omfattande protestar mot all innblanding frå stormakter.
- * Effektiv boikott av Sør-Afrika.
- * Atomvåpen kan aldri vere forsvarsvåpen - Noreg i brodden for fred.
- * Ingen båtar med atomvåpen i norske havner.

NEI TIL EF - JA TIL DISTRIKTSNOREG.

Vi treng ikkje endå ei supermakt i kampen om råvarer, makt og verdsherredøme: EF. Vi treng ikkje EF si prioritering av økonomi framfor miljø og velferdsgode, eller arbeidsløyse på 10 %.

Vi treng ikkje frihandel der mindre selskap vert utkonkurrerte, og storkapitalen vert endå større og mektigare.

Vi treng å forsvare norsk sjølvråderett, demokrati og velferdspolitik.

Vi treng eit utvida samarbeid mellom små, fredelege nasjonar om miljø og utvikling i verda. Difor seier vi:

- * Ja til globalt ansvar - Nei til Europeisk Union.
- * Nei til frihandel - Ja til langsikta handelsavtalar.
- * Ja til norsk jordbruk - Nei til EF sitt industrijordbruk.
- * Norsk styring over norske ressursar.
- * Det er betre å vere utkant i Noreg enn utkant i Europa.

FRIGJERING AV KVINNER - LEVANDE LOKALSAMFUNN.

Kvinner har dei lågast lønte jobbane, og hovudansvar for hus og heim. Sentralisering av arbeidsplassar utarmar lokalsamfunn og nærmiljø. Kvinner må meir ut i arbeidslivet - menn må ta meir ansvar heime. Difor krev vi:

- * 6 timars normal arbeidsdag for folk med omsorgsansvar.
- * Arbeidstidsreduksjon i staden for arbeidsløyse.
- * Likeløn mellom menn og kvinner, manns- og kvinneyrke.
- * 1 års svangerskapspermisjon.
- * Rett til barnehageplass i nærmiljøet, for alle barn.
- * Ja til kjærleik og fellesskap - Nei til porno og valdsdyrking.

MEIR DEMOKRATI - ANDRE SLAGS POLITIKARAR.

I dag er makta konsentrert i direksjonane, organisasjonane og byråkratiet. Politikarane gjev seg sjølve store privilegier, samstundes som dei rettar peikefingeren mot folk flest.

Vi vil ha:

- * Sterke, uavhengige fag- og forbrukarorganisasjonar.
- * Ein ny type politikarar som ikkje sviktar si rolle som talerør for dei som har valt dei.
- * Uredde politikarar som får fram snusk og feilprioriteringar.
- * Avsløring av samanblanding av private og offentlege interesser.
- * Meir makt til folkevalde organ - meir makt til tilsette.

VI HAR EIN VISJON.

Vi vil finne ein veg til eit samfunn:

- som er tilpassa naturen sine grenser for dei økologiske lovene
- som er bygd på internasjonal solidaritet
- der produksjonen er styrt av folk sine grunnleggande behov
- der arbeid ikkje berre er eit slit for løn, men er skaparglede og kjelde til utvikling av einskildmenneske og fellesskapet
- der alle får utvikle evnene sine, men ingen får personleg rikdom, makt og suksess på andre sin kostnad
- der kløfta mellom styrte og styrande er erstatta av alle sin direkte medverknad på eige liv og samfunnsutvikling
- der det er meir makt og oppgåveløysingar i lokalsamfunnet
- der omsorg for barn, eldre og sjuke er eit felles ansvar - slik at kvinnene ikkje er dobbeltarbeidande
- der alle er verdfulle medmenneske - ingen blir mobba eller diskriminert.

ØNSKJETENKJING?

Ja, sjølvsagt. Det meste som skjedde i vårt århundre byrja som ønsketenkjing. No nærmar vi oss raskt slutten - på dette årtusenet.

No er tida inne - til heilt nødvendig ønsketenkjing.

Før tida er ute.

BLIR DU MED?

- * Ja, eg vil ha meir informasjon om MILJØLISTA
- * Ja, eg blir støttemedlem. Send innbetalingskort
- * Ja, eg blir med i arbeidet før valet
- * Ja, eg blir med i anna miljøarbeid, aksjonar m.m.
- * Nei, eg tykkjer ikkje om Miljølista

Namn:.....

Adresse:.....

Postnr. og poststad:.....